



LINDÅS KOMMUNE  
Interne stabstenester

Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Postb 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.  
2009/578 - 20956/2009

Inger- Marie Nordland

<b>Melding om vedtak</b>	
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200907439	Dok.nr. 70
24 SEPT. 2009	
Arkivnr. 812	Saksh. ØYUSTO
Eksp.	
U.off	Dato
Arkivkode Q10	22.09.2009

## Handlingsprogram 2010-2013 (19) for det nye fylkesvegnettet, - høyring.

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Lov om offentlig forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.*

*Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland  
administrasjonssekretær

Postadresse: Besøksadresse:  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

E-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Telefon: 56 37 50 00  
Telefaks: 56 37 50 01

Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

Bankkonto: 7413 05 01005  
Organisasjonsnr: 935 084 733

Kartside: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

står i forhold til dei investeringar som elles vert gjort i området. Regionsenteret Knarvik vil utvikle seg til by og har store utfordringar på vegsektoren.

Framlegget til handlingsprogram for det nye fylkesvegnettet står ikkje i forhold til dei utfordringar som ligg i Lindås.

Før framlegget vart utarbeidd, sende Lindås kommune etter førespurnad ei oppstilling over kommunale prioriteringar på det nye fylkesvegnettet. Oppstillinga har vore informert om til formannskapet, men ikkje lagt fram som eige sak, grunna knappe tidsfristar.

Rådmannen meiner denne oppstillinga framleis bør vere gjeldande som kommunen sine kommentarar og prioriterte investeringsområder:

### ***Eksisterande/andre prosjekt***

*RV 57 Isdal – Alverflaten er tildelet 10 millionar i statleg tiltakspakke for 2009 og kommunen føreset at dette påbegynte prosjektet vert fullfinansiert med statlege eller fylkeskommunale midlar i 2010 og soleis ikkje er del av kommunen sin prioritering her.*

*Det same gjeld for RV 565 Undergang Alversund skule som har fått 5 millionar i tiltaksmidlar i 2009 og som kommunen føreset får tilsvarande fullfinansiering i 2010.*

*Når det gjeld trafikk sikring, G/S-vegar og liknande langs stamvegen E39, så føreset Lindås kommune at dette vert omfatta av stamvegmidlar og er difor ikkje med i prioriteringane her.*

### ***Nye strekningsvise investeringar***

*For prioriterte investeringstiltak på det nye fylkesvegnettet er det sett opp denne lista:*

- *RV 57 Skodvin – Austrheim grense. Mongstad er i dag eit regionalt satsingsområde med svært store nasjonale og internasjonale investeringar i industri og anna. Tilhøyrande lokalt vegnett i nordre Lindås har ikkje fått den standard og tryggleik som forventast i eit slikt område med omfattande tungtrafikk og kraftig trafikkauke. Det er difor trong for oppgradering/standardheving, inkludert samanhengande gang- og sykkelveg, på denne strekninga.*
- *RV 57 Knarvik – Isdalstø. Ny trase i tunnel under Juvikstølen*
- *FV 395 Vatshelle. Omlegging av fylkesvegen i ny trase forbi Vatshelle*
- *FV 415 Ådnevik. Ny fylkesveg opp via Lindås Vest til RV 57*

### ***Programområde nye gang- og sykkelvegar***

- *RV 57 Konglevoll. Trafikksikringsprosjekt som var inne i vegplanen for 2006-2009 med føresett fullfinansiering i 2010-2015. Kostnadsnivå i dag på om lag 15 mill.*
- *RV 565 Alverstraumen. Gang og sykkelveg, inkl. rundkjøring for Hilland*
- *FV 404 Kvamsvåg – Vollom. Fullføring av trafikk sikring i Kvamsvåg og utbygging vidare mot Vollom*

### ***Infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken***

- *Ny kollektivsentral (Skysstasjon) i Knarvik*
- *Kapasitetsutviding av P-plassar for pendlarparkering i Knarvik ("Park 'n ride")*

- *Utbygging av desentraliserte P-plassar langs busstrasear i kommunen for overføring til buss og/eller felleskjøring i privatbiler. Inkludert oppgradering av ventefasiliteter/busskur.*

### **Rassikring**

- *FV 394 til Nesbø. Større sikringstiltak utover det som vert gjort no*
- *Fv 401 Kleivane, Seim. Sikring av fotgjengarar i form av G/S-veg*

### **Drift og vedlikehald**

*Lindås kommune er særleg uroa over tilstanden på det eksisterande fylkesvegnettet. Manglande grøfterensk, sprukken asfalt og delvis utbetring ved asfaltlapping synest å ha medført ein alvorlig forringing av tilstanden dei seinare åra, både når det gjeld kjørekomfort og bæredyktigheit/styrke på vegen.*

*Det synest å ligge eit urovekkande stort vedlikehaldsetterslep på desse vegane i Lindås og kommunen ber difor om at dette området blir høgt prioritert i handlingsprogrammet.*

### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Hordaland fylkeskommune sitt utkastet til handlingsprogram 2010 – 2013 (19) for det nye fylkesvegnettet står ikkje i forhold til dei utfordringar som ligg i Lindås.

Lindås kommune krev difor at dei prioriteringar som er opplista i kommunen sitt brev av 22. april 2009 vert teke omsyn til i vesentleg større grad.

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 26.08.2009**

Saka vert utsett til ekstramøte 02.09.2009

Samrøystes

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 26.08.2009**

Saka er utsett til 02.09.2009

### **Handsaming i Formannskapet - 27.08.2009**

#### **Fellesframlegg:**

I tillegg til dei prioriteringane som er lista opp i brev av 22.04.09 vil Lindås kommune også ha med fylkesveg 402 Seim – Lygra.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **Innstilling i Formannskapet - 27.08.2009**

Hordaland fylkeskommune sitt utkastet til handlingsprogram 2010 – 2013 (19) for det nye fylkesvegnettet står ikkje i forhold til dei utfordringar som ligg i Lindås.

Lindås kommune krev difor at dei prioriteringar som er opplista i kommunen sitt brev av 22. april 2009 vert teke omsyn til i vesentleg større grad.

I tillegg til dei prioriteringane som er lista opp i brev av 22.04.09 vil Lindås kommune også ha med fylkesveg 402 Seim – Lygra.